

ÅRSMØTE I ØYSTESE IDRETTSLAG 08. MARS 2010

Tilstades i Holmatun:

Hilde Hysing-Dahl, Jan Tore Alvsaker, Åshild Bekkesletten, Lillian Kvamsøy, Leiv Sandven, Per Dysterud, Sonja Fagerheim, Josef Gule, Finn Jacobsen Svein Rune Stakseng og Rune Vik

Sak 1. Godkjenning av dei med stemmerett

Det var tilstades 11 personar med stemmerett ved starten av årsmøte.

Sak 2. Val av møteleiar, referent samt 2 representantar til å underskrive årsmøteprotokoll

Vedtak etter forslag på årsmøte:

Som møteleiar vart	Hilde Hysing-Dahl	einstemmig valt.
Som referent vart	Rune Vik	einstemmig valt.
Som underskrivar av protokoll vart følgjande		einstemmig valt:
	Lillian Kvamsøy	
	Finn Jacobsen	

Sak 3. Handsaming av ØIL-årsmelding for 2009

Årsmelding vart gjennomgått ved at Rune Vik las opp.

To rettingar:
* Hilde Hysing-Dahl har i tillegg til leiar også vore kasserar i 2009.
* Det er gjeve ut 1 ØIL-nytt i perioden.

Vedtak:

Årsmelding ØIL 2009 vart einstemming godkjend.

Sak 4. Handsaming av ØIL-rekneskap for 2009 og budsjett for 2010

Gjennomgang av resultatrekneskap, balanserekneskap og budsjett ved Hilde Hysing-Dahl.
Rekneskapet er revidert og funne i orden, datert og signert av revisor Signe K. Kvamsøy
04.03.2010 .

Vedtak:

Rekneskap ØIL 2009 og budsjett for 2010 vart einstemming godkjend.

Sak 5. Handsaming av innkomne forslag og saker

Sak A – Godkjenning av nye vedtekter for Øystese idrettslag

Grunna krav knytt til registrering i ”Frivillighetsregisteret” i Brønnøysund, godkjende ØIL-årsmøtet for 2008 mellombelte vedtekter ”Lov for Øystese idrettslag”. Det vart samtidig sett ned ein lovkomité som skulle stå for utarbeiding av nye vedtekter som skulle fremjast som sak på neste årsmøte.

Vedtak:

Årsmøtet godkjenner reviderte vedtekter ”Lov for Øystese idrettslag” som framlagt i årsmøtet 08.03.2010, med følgjande justeringar i avsnitt to under § 12:

Medlemer til styret skal veljast enkeltvis. Gjeld også for varamedlem.

Resterande del av avsnittet utgår.

Sak B – Vegen vidare knytt til Norheimsund fotballklubb - invitasjon til samarbeid/samanslåing av junior / seniorfotballen

Sett i perspektivet at ein kjempar om dei same ressursane, både spelarressursar, leiarar/trenrarar og inntektskjelder, synest innspelet frå Norheimsund fotballklubb fornuftig. Det som har gjort det vanskeleg å møte Norheimsund fotballklubb sine to formelle innspel om samarbeid/samanslåing, er den korte tidshorisonsten som er sett for avgjerd/underskriving av avtale. Ein grundig prosess er naudsynt i samband med evt. etablering av ei felles ”toppfotball-satsing-samarbeid” på junior/senior-nivå i Kvam.

Innstilling:

Årsmøtet i ØIL meinat at ein må arbeide vidare med tankane om ei felles fotballsatsing for Kvam på junior/senior-nivå.

Vedtak:

Årsmøtet i ØIL gjev ØIL-styret mandat til å utgreie samarbeid/samanslåing/etablering av felles junior-/seniorfotballsatsing i Kvam (inkl. Norheimsund, Ålvik, Strandebarm, Øystese). Ein slik prosess må vere forankra i fotballgruppa. Årsmøtet oppmodar ØIL-styret og styret i fotballgruppa, til vidare arbeid om felles toppfotballsatsing på junior-/seniornivå for Kvam.

Sak 7. Val av ØIL-styre for 2010

Det er gledeleg at valnemnda har klart å rekruttere nye krefter inn i styreverv i ØIL.

Vedtak:

Følgjande styre vart einstemmig valt:

Leiar:	Hilde Hysing-Dahl	(1 år)
Kasserar:	Trude Torvund	(2 år)
Skrivar:	Rune Vik	(2 år)
Styremedlemmer:	Sonja Fagerheim	(2 år)
	Åshild Bekkesletten	(1 år)
	Jan Tore Alvsaker	(1 år)
1. vara:		(2 år)

Valnemd:	Tor Johannessen	(2 år)
	Lillian Digernes	(1 år)

Gruppeleiarar (ikkje valt av årsmøtet):

Boccia/handicap	Lillian Kvamsøy
Fotball	Per Dysterud
Trim	Leiv Sandven
Turn	Åshild Bekkesletten
Orientering	Olav Kreken
Hopp	
Alpin	
Vektløfting	

ØIL- styrrepresentantar i Sjusete skisenter (ØIL eig 1/3 og Kvam LSK 2/3):

Magnar Dalatun	(1 år)
Einar Opsanger	(1 år)

Ny dato for styremøte: Måndag 12. april kl. 18.00 i Holmatun.

Ref.

Rune Vik

Lillian Kvamsøy (sign)

Finn Jacobsen (sign)